

Ullensvang mållag
v/ Johannes H. Sekse
Seksevegen 84
5773 Hovland



14. januar 2019

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Deps
0030 OSLO

Høyring – framlegg til endringar i lov om stadnamn

Viser til føreslegne endringar i lov om stadnamn, jf. høringsbrev av 18.10.2018. Ullensvang mållag går imot endringane Kulturdepartementet gjer framlegg om i § 4 i lov om stadnamn, for dei vil verka undergravande for normeringa av norske stadnamn.

Det ser ut til å vera to hovudgrep departementet har gjort for å svekkja lova slik ho fungerer i dag. Det fyrste er å gjera reglane for all offentleg stadnamnnormering relative med å ta inn unntaksreglane som ny hovudregel i § 4 fyrste ledd, slik at det vert uråd å avgjera objektivt om noko er rett normert eller feilnormert. Det andre hovudgrepet er å fjerna kravet om samsvar mellom skrivemåten av det same stadnamnet i ulike i funksjonar i det same området. Dermed vil det heller ikkje gå an å forventa konsekvens i den normeringa ein no eingong har valt.

Departementet føreslår altså å ta denne ordlyden inn i § 4 fyrste ledd: «Har skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp.» Denne regelen vil med endringa koma inn som ein undergravingsparagraf for normeringsregelen som står i § 4 frå før: «Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp.»

Ei slik endring vil innebera at synsing vil erstatta faglege vurderingar som vurderingsgrunnlag i namnesaker. Så vidt me forstår, vert dei fleste namnesaker sette i gang fordi det er uvisse om kva for ein av to eller fleire skrivemåtar i vanleg bruk som skal nyttast. Dermed vil kriteria om «lenge i bruk» og «vel kjend og innarbeidd» vera oppfylte for dei fleste skrivemåtar som er involverte i namnesaker. Me fryktar at dette vil ha som resultat at framtidige namnesaker vert avgjorde av personlege preferansar og stemningsbylgjer, og ikkje av forsvarlege språkfaglege vurderingar. Resultatet vert då tilfeldige avgjerder der ingen objektivt kan seia om vedtaket er fagleg rett eller gale. Det vil bryta ned respekten for vedtak som vert gjorde, med stadige omkampar som konsekvens.

Denne nye ordlyden vil altså gjera det uklart kva skrivemåtar som er i samsvar med lova og kva skrivemåtar som er utanfor lova. Det vil gje incentiv til å laga mykje oppstyr i ei sak for å få ein bestemt skrivemåte gjennom, og det vil minska legitimiteten kring eit vedtak hjå dei som er ueinige i det vedtaket som faktisk vert gjort.

I dag finst det klare, faglege vilkår for å vurdere om ein vedteken skrivemåte er språkleg rett og om vedtaket er gjort i samsvar med dei omsyna lova set. Dersom unntaket vert gjort om til hovudregel, viskar det ut grensene mellom eit korrekt vedtak og eit uriktig vedtak. I nesten alle saker kan ein argumentera for den skrivemåten ein vil ha med å visa til lang tids bruk, og dermed vil "unntaksregelen" kunna trumfa rettskriving og rettskrivingsprinsipp i dei fleste saker. Det vil gje ein djupt utilfredsstillande rettstilstand, der dei som ropar høgast, oftast vil få viljen sin.

Me reknar med at motivet hjå departementet er å dempa konfliktnivået i namnesaker, men det er grunn til å tru at utfallet vert det motsette, for lovframlegget legg opp til at det vil svara seg å laga støy i slike saker når dei objektive kriteria vert fjerna. Det er difor grunn til å tru at endringa kan føra til fleire heller enn færre klagesaker. For meiningane lokalt er ofte òg delte, og med ei slik lovendring vil alle klagarar ha ei god sak.

Det såkalla «alternativ 2» dreiar seg om at kommunane og fylkeskommunane ikkje skal vera pliktige til å fylgja skrivemåten til hovudnamnet i andre avleidde namn der dei bestemmer skrivemåten. Dette framlegget bryt ikkje berre med viktige samfunnsomsyn, men det bryt mot den vanlege ordenssansen hjå folk. Dersom ein gard heiter *Vik*, vil dei fleste meina at det er rotete og forvirrande om vegadressa på staden vert skrive *Wiigsvegen*.

Mange i Noreg slit i utgangspunktet med å skriva norsk korrekt, og me gjer det ikkje lettare for folk når ein lovfestar at ein skal kunna skriva det same namnet utan å fylgja rettskrivinga, og utan å vera konsekvent med skrivemåten av det same stadnamnet i ulike funksjonar på same stad. Sjølv dei aller mest skrivekunnige vil då få problem med å halda tunga rett i munnen.

Me gjer òg merksam på problema desse endringane vil kunna gje folk utan lokalkunnskap, og folk som fyller viktige samfunnsfunksjonar, slik som leveringstenester og naudetatar. Det vil føra til ekstra tidbruk hjå alle dersom ein lèt normeringa av stadnamna flyta ut, og det kan i verste fall gå ut over liv og helse når naudetatane skal rykkja ut. Då er minutt og sekund ofte avgjerande. Me merkjer oss forresten med forundring at ingen av naudetatane står på høyringslista for lovframlegget, for dei burde vel vore dei mest sjølvsgde til å verta høyrde i denne saka?

Johannes H. Sekse
leiar i Ullenvang mållag